



**HJELMELAND  
KOMMUNE**

## Flaggreglement

**HJELMELAND KOMMUNE**

**2024 - 2027**

Vedtatt av kommunestyret i sak xxx/24, xx.xx.2024



# Flaggreglement

## Innholdsoversikt

### 1 Generelt om flagget

1.1 Lovar og forskrifter om det norske flagget

1.2 Det norske flagget

1.3 Tidspunkt for heising og firing av det norske flagget

1.4 Andre flagg vimplar og banner

### 2 Flagging ved kommunale bygg

2.1 Hjelmeland kommunehus

2.2 Einingane

### 3 Flagging ved gravferd

### 4 Offisielle flaggdagar

### 5 Andre flaggdagar

### 6 Godtgjersle

# 1 Generelt om flagget

## 1.1 Lovar og forskrifter om det norske flagget

"Lov om Norges Flag"(Flaggloven) datert 10.12.1898. Lova fastset korleis flagget skal sjå ut og bruken av det.

"Forskrift angående bruk av statsflagget og handelsflagget", datert 21.10.1927, sist endra 03.12.2004. Forskrifta fastset nærare reglar for bruken, blant anna offisielle flaggdagar og når flagget kan heisast og firast.

"Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger", datert 29.06.1933, sist endra 04.06.2021. Forskrifta fastset kva slags flagg som kan nyttast ved dei offentlege bygningane til kommunen.

"Forskrift om adgang til i særlege tilfelle å benytte frammed lands flagg ved sidan av det norske flagg på kommunale offentlege bygningar" datert 06.07.1933.

## 1.2 Det norske flagget

Det norske flagget finnes i to utgåver; statsflagget og handelsflagget. Statsflagget er splitta, og blir bare brukt av statlege institusjonar. Handelsflagget reknast som nasjonalflagget. Dette er rektangulært med størrelsesforholdet 8:11.

Nasjonalflagget er Norges symbol og skal behandlast med respekt.

Eit flagg skal ikkje røre ved bakken, klippast i eller tilsmussast på nokon annan måte.

Når et flagg skal byttast ut, til dømes fordi det er falma, skal flagget makulerast før restane av flagget blir kassert.

## 1.3 Tidspunkt for heising og firing av det norske flagget

Følgjer av flaggforskrifta av 1927 § 6:

" Flagget heisast i månadene mars til og med oktober kl. 08.00, i månadene november til og med februar kl. 09.00. Flagget blir halt ved solnedgang, likevel ikkje seinare enn kl. 21.00 viss sola går ned etter denne tida".

## 1.4 Andre flagg vimplar og banner

Hjelmeland kommune flaggar ikkje med andre land sine nasjonalflagg. Ordførar kan gjere unntak frå dette.

## 2 Flagging ved kommunale bygg

### Kommunen sine offisielle bygg

- Kommunehuset
- Hjelmeland omsorgssenter
- Hjelmeland skule
- Fister skule
- Årdal skule
- Årdal omsorgssenter

### 2.1 Hjelmeland kommunehus

Det skal flaggast med **nasjonalflagget** ved kommunehuset ved:

- Offisielle flaggdagar
- Kommune- og fylkestingsval
- Kvinnedagen 8. mars
- FN dagen 24. oktober
- Det kan flagges ved kommunale vigslar (etter eige ønske)
- Gravferd til kommunalt tilsette
- Det kan flaggast med nasjonalflagg på kommunehuset når kommunedirektøren, eller den han delegerer til finn det naudsynt etter vanleg skikk og bruk
- Det skal flaggast med **sameflagget** frå kommunehuset på Samefolkets dag 6. februar
  - Det flaggast med **regnbogeflagget** på opningsdagen til arrangementet "Stavanger på skeivå", ev. på opningsdagen til tilsvarande arrangement i Hjelmeland

Det skal flaggast med **kommuneflagget** ved kommunehuset:

- Når kommunestyret har møte
- På kommunale merkedagar
- Det kan flaggast med kommuneflagget ved kommunehuset etter vedtak frå kommunedirektøren, eller den hen delegerer til

Det skal flaggast med **kommunevimpel** ved kommunehuset:

- Når ein ikkje nyttar anna flagg

## 2.2 Einingane

Dette reglement gjeld for flagging på flaggstenger i tilknytning til einingar og institusjonar som vert drivne av Hjelmeland kommune.

Det skal flaggast med **nasjonalflagg** på einingane ved:

- a. Offisielle flaggdagar
- b. Kommune- og fylkestingsval
- c. Gravferd
- d. Det blir flagga på skulen i kvar bygd i samband med konfirmasjon
- e. Det kan flaggast med nasjonalflagg på einingane når einingsleiar finn dette naudsynt etter vanleg skikk og bruk

Det skal flaggast med **kommunevimpel** på einingane

- a. Når ein ikkje nyttar anna flagg.

Einingsleiar ved den enkelte institusjon er administrativt ansvarleg for at flagging vert utført.

### 3 Flagging ved gravferd

Det bør flaggast på halv stang på offisielle flaggstenger ved gravferda til:

- Noverande og tidlegare ordførar og andre nåverande kommunestyrerepresentantar – flagging på halv stang ved Hjelmeland kommunehus
- Noverande tilsett – flagging på halv stang ved eininga der vedkommande var tilsett
- Noverande bebuar i kommunal institusjon – flagging på halv stang ved institusjonen der vedkommande budde
- Noverande elev ved kommunal skule – flagging på halv stang ved skolen der eleven gjekk
- Det skal også flaggas på halv stang hvis det er gitt nasjonale føringar om dette, eller det på grunn av andre særlege omstendigheter er naturleg å flagge på halv stang

## 4 Offisielle flaggdagar

Dei offisielle flaggdagane følgjer av flaggforskriftas §4:

Dato	Høve
1. januar	1. Nyttårsdag
21. januar	HKH Prinsesse Ingrid Alexandras fødselsdag
6. februar	Samefolkets dag
21. februar	H. M. Kong Harald Vs fødselsdag
1. mai	Offentleg høgtidsdag
8. mai	Frigjøringsdagen 1945
17. mai	Grunnlovsdagen
7. juni	Unionsoppløysinga 1905
4. juli	H. M. Dronning Sonjas fødselsdag
20. juli	HKH Kronprins Haakon Magnus fødselsdag
29. juli	Olsokdagen
19. august	HKH Kronprinsesse Mette-Marits fødselsdag
25. desember	1. Juledag
Glidande	1. Påskedag
Glidande	1. Pinsedag

Dato	Høve
Glidande	Dagen for stortingsval



## 5 Andre flaggdagar

Det kan flaggast med nasjonalflagget ved høgtidelege og festlege anledningar innan nasjonen eller kongehuset og ved offisielle besøk av medlemmer av kongehuset. Det kan også flaggast når dette anses særleg viktig eller nødvendig, jf. flaggforskrifta § 4.

Det flaggast på Kommunehuset ved de tilfelle Kongen, Regjeringa eller Statsforvaltaren ber om det. Kommunedirektøren avgjer om flagging skal skje ved andre av kommunen sine offisielle bygg.

Dato	Høve	Flagg
6. februar	Samefolkets dag	Sameflagget
8. mars	Kvinnedagen	Nasjonalflagget
24. oktober	FN-dagen	Nasjonalflagget
Glidande	Opningsdagen for Stavanger på skeivå, eller tilsvarande i Hjelmeland	Regnbogeflagget

## **6 Godtgjersle**

Den som vert engasjert for å utføre flagginga har krav på godtgjering etter gjeldande lov- og avtaleverk.